



BARNEOMBODET

Justis- og beredskapsdepartementet
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Dykker ref: Vår ref: Saksbehandlar: Dato:
17/00089-2 Anders Prydz Cameron 13. mars 2017

Høyring - forslag til endring i utlendingslova og utlendingsforskrifta - om mellom anna visitasjon

Barneombodet visar til høyringsbrev med dato 11.1.2017 om endring i utlendingslova og utlendingsforskrifta. Barneombodet kan ikkje støtte forslaga, som ikkje er utreda godt nok med tanke på barn sin særelege rett til privatliv og integritet. Spørsmål om samtykke til visitasjon og representant for einslege mindreårige er heller ikkje utreda. Vi meiner og prinsipielt at heimlar knytt til førebygging, avdekking og etterforskning av kriminelle handlingar bør være samla i relevante lovar som politilova og straffeprosesslova.

Barneombodets mandat

Barneombodet skal i fylgje lov og instruks arbeide for at barn sine behov, rettar og interesser blir tatt tilbørleg omsyn til på alle samfunnsmiljø. Ombodet skal særleg fylgje med på at lovgjevnad til vern om barn sine interesser blir fylgde, og at norsk rett samsvarar med dei pliktene Noreg har etter FNs konvensjon om barnrettane. Ombodet skal av eige tiltak, eller som høyringsinstans, ivareta barn sine interesser i samband med planlegging og utgreiing på alle felt, foreslå tiltak som kan styrke rettstryggleiken for, med meir. Mandatet til Ombodet er avgrensa til barn under 18 år.

Manglande utreing av barn sine rettar og konsekvensane for barn

Artikkel 3 i barnekonvensjonen pålegg norske myndigheter å vurdere og legge vekt på omsynet til barns beste i alle avgjerder som gjeld barn. Plikta inneber at alle forslag og avgjerder som gjeld barn, både enskilde barn og barn som gruppe skal greies ut med tanke på konsekvensar for barn. At omsynet til barnet skal vere grunnleggjande inneber vidare at det skal ha særleg vekt og at andre omsyn må være særleg sterke for at dei skal gå før omsynet til barn. Vi kan ikkje sjå at departementet har gjort slike vurderingar av dei foreslegne endringane. Vi kan heller ikkje sjå at departementet har innhenta synspunkta til barn i utforminga av forslaga i tråd med barnekonvensjonen artikkel 12.

Barn har rett til vern som privatlivet sitt og rett til vern om integriteten sin, mellom anna i artikkel 16 i barnekonvensjonen og i Grunnlova § 104. Ingen av disse er vurdert i høyringsnotatet. I høyringsnotatet skriv departementet at elektroniske lagringsmidlar i stor grad har erstatta skriftlege dokument. Dette inneber òg at mobiltelefonen er ei av dei klart viktigaste sosiale kanalane for barn og unge. Rutinekontroll og utvida heimel til beslag av mobiltelefonen til barn og unge vil difor gje politiet tilgang til mange private opplysningar som ikkje er relevante for asylsaka. Forslaget inneber etter det vi forstår ei sterkt utvida heimel til å kopiere alt innhald på mobiltelefonen til nesten alle asylsøkjavar og oppbevare det i inntil 4 månader. Dette er eit stort inngrep i privatlivet som etter vårt skjønn må ha strengare

og meir spesifikke vilkår enn dei departementet foreslår. Særleg er det generelle vilkåret «andre opplysninger som er av betydning for søkeradsvurderingen» problematisk.

Integritetsvernet i Grunnlova § 104 er også viktig i samband med forslaga frå departementet. Formuleringsa i Grl. § 104 («barn har rett til vern om sin personlige integritet») er sterkeare enn den generelle i Grl. § 102 «(Statens myndigheter skal sikre et vern om den personlige integritet»). Visitasjon og særleg undersøking vil truleg lettare kunne verte oppfatta som integritetskrenkande av eit barn enn av ein vaksen. Særleg gjeld dette barn som under reisa til Noreg har hatt dårlege opplevingar med politiet i andre land eller har opplevd vald eller overgrep frå andre. Vi kan ikkje sjå at dette temaet er behandla nærmare i forslaget frå departementet.

Samtykke og representant for einslege mindreårige

Barn, i alle fall små barn, kan truleg ikkje på eige hand samtykke til undersøking av person eller mobiltelefon. For barn som søker asyl med foreldra sine, vil det truleg være foreldra som kan samtykke (eller nekte å samtykke) på vegne av barnet. Dette har ei rekke problematiske sider som departementet ikkje har drøfta, ikkje minst når det gjeld innhald på mobiltelefonar og andre mobile lagringseininger.

Einslege mindreårige asylsøkjarar utgjer ei ikkje ubetydeleg del av dei som søker asyl i Noreg. Denne gruppa er etter det vi kan sjå ikkje nemnd i høyringsnotatet. Barneombodet meiner at departementet må gå gjennom konsekvensane av dei foreslegne endringane for einslege mindreårige. De bør særleg utreie om einslege mindreårige kan samtykke til visitasjon og undersøking. Barneombodet meiner at einslege mindreårige ikkje bør visiterast eller undersøkjast utan at det er representant til stades som kan sikre at rettane til den mindreårige vert ivaretatt i samband med undersøkingane. Dette bør gå direkte fram av lova og forskriftera.

Forholdet til tollova og anna regelverk

Departementet bygger store delar av endringsforsлага på tollova og –forskrifta, særleg tollforskrifta § 13-1-1 (avsnitt 4 i høyringsnotatet).

Barneombodet ser det ikkje som naturleg å trekke parallel mellom tollova og –forskrifta og reglane om visitasjon i utlendingslova og -forskrifta. Formålet med arbeidet til tollvesenet er eit anna enn politiet sitt arbeid i asylsakar. Politiet sin viktigaste oppgåve i samband med asylsakar er å registrere søkeraden, avklare identitet og sette i verk vedtak om utsending. Heimlane politiet har i utlendingslova og –forskrifta bør vere relaterte til dei oppgåvane dei skal utføre etter dette regelverket, ikkje til anna regelverk som gjeld andre etatars verksemder.

Delar av departementets grunngjeving for at utvida heimel til visitasjon, undersøking og beslag er naudsynt, er omsynet til riket sin sikkerhet og å avdekke og førebygge kriminalitet. Politiet har eit viktig og legitimt oppdrag i å førebyggje, forhindre, avdekke og etterforske kriminelle handlingar. Men heimlane for dette arbeidet bør ligge i relevante lover som politilova og straffeprosesslova, ikkje i utlendingslova som skal regulere kontroll med inn- og utreise og utlendingar sitt opphold i riket.

Barneombodet takker for mogelegheita til å komme med merknadar til forslaga. Vi diskuterer gjerne kommentarane våre nærmare med departementet viss det er ønskeleg.

Venleg helsing

Camilla Kayed
fagsjef

Anders Prydz Cameron
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.